

Saksbehandlar: Monica Åsnes, Samferdsleavdelinga
 Sak nr.: 18/6879-7

Tilrettelegging av drosjer for rullestol 2018

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

Fylkeskommunen yter tilskot til 5 drosjeeigarar, kvar med 40% av søknadsbeløpet:

| | | | |
|-------|----------------------|----|---------|
| A | Ivar Eide | Kr | 60 000 |
| B | Olav Lerum | Kr | 51 500 |
| C | Siw Høgalmen Solheim | Kr | 14 500 |
| D | Frank Larsen | Kr | 10 500 |
| E | Norolv Kvamme | Kr | 59 500 |
| <hr/> | | | |
| | Samla sum | Kr | 196 000 |

Vedlegg:

Andre relevante dokument i saka:

Søknader

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I «Forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport m.v.» går det fram at det er spesielle krav til bil for transport av personar med nedsett funksjonsevne.

Dette er ein ekstrakostnad for utøveren av løyvepliktig transport og kan vere særleg tung for drosjeeigaren.

Av midlane til tilrettelagt transport er det sett av kr 300 000,- til tilrettelegging av drosjer.

Løyvehavar kan få dekkja inntil 40% av kostnaden med oppbygging av bil for å frakte rullestol. Kvittering på utført tilrettelegging må leggjast ved søknadane.

I 2018 er det kome inn 5 søknader om midlar til tilrettelegging av bil for å kunne frakte rullestol.

Søknadsbeløp som er oppgitt i tabellen er eks. mva.

| | | | |
|---|----------------------|----|---------|
| A | Ivar Eide | Kr | 150 000 |
| B | Olav Lerum | Kr | 128 100 |
| C | Siw Høgalmen Solheim | Kr | 35 570 |

| | | | |
|---|------------------|----|---------|
| D | Frank Larsen | Kr | 25 866 |
| E | Norolv Kvamme | Kr | 147 972 |
| | Samla søknadssum | Kr | 487 508 |

2. Vurdering

Kriteria for å få tilskot er at bilen vert nytta på eit drosjeløyve og bilen ikkje har fått tilskot tidlegare.

Alle som har søkt om tilskot er innehavar av drosjeløyve med krav om tilrettelegging for rullestol. Søknadene gjeld nye bilar som ikkje har motteke tilskot tidlegare. Det vert berre gitt tilskot til sjølve oppbygginga av bilen for å frakte rullestol.

Det kan vere store variasjonar i tilskotssum. Dette kjem av at det er ulike typar bilar og ulik oppbygging.

Søkjjar E får ikkje bil levert før i desember 2018 men vi vel likevel å ta søknaden med i vurderinga og tildele utifrå kjøpekontrakt som er lagt ved. Billeverandør opplyser til oss at bil er under ombygging i Tyskland. Dei andre løyvehavarane har fått bilane og dei er i full drift.

Vi har vurdert søknadene og kva som skal gjevast tilskot til. Tilskotet er 40% av søknadssum eks. mva. Summen er avrunda oppover til næraste 500 kr.

3. Konklusjon

Fylkeskommunen yter tilskot til 5 drosjeeigarar, kvar med 40% av søknadsbeløpet:

| | | | |
|---|----------------------|----|---------|
| A | Ivar Eide | Kr | 60 000 |
| B | Olav Lerum | Kr | 51 500 |
| C | Siw Høgalmen Solheim | Kr | 14 500 |
| D | Frank Larsen | Kr | 10 500 |
| E | Norolv Kvamme | Kr | 59 500 |
| | Samla sum | Kr | 196 000 |